

TEMA: Kirke og kloster ①52, Kremmerleier ①105, Turistane, landskapet ①161  
KART: ④440

# Læg Reid

## HEGGJAGARDEN

Skysskiftet på garden Vik i Eidfjord var ein viktig del av kommunikasjonssystemet i eldre tid. Her fekk dei rorskyss ut fjorden, dei som kom over fjellet frå aust og ned Måbødalen. Skysskiftet låg på «Wiige grund». I dag skjer riksvegen seg gjennom tunet; hovudbygningen frå 1800-talet ligg på oppsida av vegen; det store sjøhuset, med tidlegare bakeri, ligg ned mot fjorden.



Heggjagarden (i forgrunnen) og Vöringsfoss Hotel først på 1900-talet.


HEGGJAGARDEN har fått namn etter sersjant NILS OLSEN HEGGEN. I 1720 bygsla han eit stykke jord av ein offiserskamerat og oppretta ein gjestgjevarstad med «krohold» ved skysskiftet. Han hadde ikkje bevilling til å driva gjestgjevarstad, men likevel ville ikkje futen innlata seg i prosess med han: «Erfahrenheit har lært hvad medhold de gjestgiverne faar, og hvad vidløftighed en foged bringes udi.» Det var vanskeleg for embetsmennene å få bort ulovlege krohus. Sjølv sagt hadde dei godhug mellom allmugen. Først i byrjinga av 1800-talet fekk Heggjagarden bevilling som privilegert gjestgjevarstad og øltapperi.

Då var det Svein Winess, bror til gjestgjevaren på Utne, som åtte staden. Magnus Jonsson Myklatur overtok gjestgjevarløyvet i 1842, og det var i hans tid at landhandlarstaden tok seg opp. Drifta tok slutt i 1889, då det nye Vöringsfoss Hotel vart bygt på Ostangen nokre hundre meter bortanfor gjestgjevarstaden. Då hadde ein ny æra teke til: Turismen.



## EIDFJORD KYRKJE

**Den gamle steinkyrkja i EIDFJORD ligg fritt og fint på terrassen på Læg Reid. I eit diplom frå 1310 går det fram at Torgeir på Sponheim gjev ei gåve til oppføring av kyrkja i Eidfjord. Vi kan altså rekna med at kyrkja var under bygging då. Stiltrekka stadfester ei slik datering.**



Eidfjord kyrkje. Prospekt av Catharine H. Kolle. Utan år.

Mellomalderkyrkja med spissbogne vindaugo og dørpningar, har ei opphavleg rektangulær opning i vestgavlen, kan henda eit vitnemål om at segl og mast frå leidangsskipet vart lagra på kyrkjeloftet.

Torgeir på Spånheim var ikkje åleine om å gje midlar til oppføring av kyrkja. Mest kjend er ho som vart kalla «RIKE-RAGNA», som framleis har gravsteinen sin ståande i kyrkja, aust for korinngangen i sørveggen. Her ser vi at den knelande Ragna gjev ein kyrkjemodell til apostelen Jacob den eldre, som kyrkja er vigsla til. Innskrifta fortel at «Her: Hvilir: Ragna: Asolfriidsdottir: Er: Denne: Kirku. Let: Gera» (til venstre).

På kyrkjegardsmuren, like sør for porten, ligg ei skiferhelle med 52 innhogne skålgroper. Hella vert kalla «Liksteinen». Det var i gammal tid fast skikk å setja likkistene frå seg her, før dei vart borne inn på kyrkjegarden.

Den sjeldsynte korskiljeveggen

frå mellomalderen er ombygd og dekorert på 1600-talet. Preikestolen er frå 1613; døyfefonten frå 1680. Penge-mangel gjorde sitt til at planane for utviding av kyrkja, vedtekne i 1893 etter arkitekt Blix sine teikningar, aldri vart gjennomførte. Det sikra Eidfjord og Vestlandet eit einestående autentisk minnesmerke frå mellomalderen. □



På dette korskiljepanelet ser vi eitt av dei sentrale symbolmotiva i kyrkjekunsten: einhyrningen og hjorten. Einhyrningen er eit symbol for Maria og jomfrufødselen; hjorten er eit dāpssymbol: «Som Hiorten tørster efter det Friske Vand Saa tørster ogsaa min Siel efter Den Hellige Aand».